

8. mars-gudsteneste

Kyrkjeklokkene ringer

Ved inngangen: Utdeling av telys og agenda.

Musikk/Preludium

Ein kvar kyrkjelyd kan i samråd med musikalsk ansvarleg velje om ein ynskjer eit tradisjonelt preludium med orgel eller eit anna musikalsk uttrykk. Vi vil oppmode om å nytte andre instrument og, som til dømes ein songar si stemme, ei enkel fløyte kan fylle kyrkjerommet der det er god akustikk. Ta i bruk dei musikalske kreftene som finns der de er kyrkje. Inviter lokale musikarar til dømes.

Inngangssalme NoS 693

Helsing og innleiing

Opnar med at den treeinige Gud sitt namn vert sagt høgt ut i rommet.

L: I namnet åt Skaparen, Frigjeraren og Livgivaren. Amen.

Her kan ein kort si nokre ord om kvifor vi er saman. Kva er 8. mars markeringa? Kva tyder det for ditt lokalsamfunn? Ein kan fylle ut med kva 8. mars tyder for ditt lokalsamfunn.

Vi er her i Jesu namn for å feire Den internasjonale kvinnedagen. Å feire er å minnes. Å minne saman, hendingar som har gjort djupt inntrykk på oss.

Den internasjonale kvinnedagen har sitt opphav i smerte, i skrik og i død. 8. mars 1857 i New York gjekk ei gruppe kvinner, ansett ved ein klesfabrikk til streik. Streiken var for å protestere mot dei forferdelege arbeidsforholda dei var underlagt. Dei krevde likeløn og reduksjon av arbeidstida frå 14 til 10 timer dagleg. Manifestasjonen vart sterkt motarbeidd og dei 129 kvinnene som var ansett, vart brent ihel inne i fabrikken.

I Det internasjonale kvinneåret 1975, gjorde FN 8. mars til Den internasjonale kvinnedagen.

Vi er her for å vert minna på all den urett som skjer. Vi feirer denne dagen i bønn, for å uttrykke vår tro, vårt håp og vårt ansvar til å lytte og til å handle.

Trusvedkjenning

Alle reiser seg og vert ståande under trusvedkjenninga. Ein vert ståande til og med salme etter trusvedkjenninga. Å reise seg er ei enkel handling som gjev uttrykk for at ein er til stades med kroppen, ei synleggjering av at eg er her akkurat no. Eg tek plass med min identitet i dette rommet saman med dei andre for å vedkjenne trua på den treeinige Gud.

L: **Vi reiser oss i heile vår lengd
og vedkjenn vår tru på livsens Gud,
som gjev oss mot til å leve.**

A: **Vi trur på livsens Gud
som held fram med å skape verda.**

L: **Stjerner jublar, jord og hav lovprisar Deg.
Du er kjelda til glede
og opphavet til frigjering.
Frå deg kjem respekten for livet
og motet til å handle.**

A: **Vi trur på Jesus Kristus
vår Frigjerar.**

L: **Du har levt vårt liv og lidd vår død.
Oppstått i våre liv, frir du frå redsle og hat.
Frå ei ukjend framtid møter du oss i nåde.**

A: **Vi trur på Den Heilage Ande**
som gir verda liv,
og sameinar over grenser og murar.

L: **Du formar ei menneskeætt av alle folk og rasar,**
kvinner og menn, jenter og gutter.
Du skapar undring i oss
over det heilage ved Livet
og manar di kyrkje til å vere
eit teikn på jorda
heilt til jorda vert fullenda
i rettferd og kjærleik.

A: **Amen.**

Trusvedkjeninga uttrykk kjende sider ved Gud. Formulert på ein annan måte kan det kjende få ny betydning for vår levande tru. Denne trusvedkjeninga er nok for mange ukjend, men den er autorisert av Kyrkjerådet og kan brukast på linje med andre trusvedkjenningsar. Dei som heller vil nytte ei av dei eldre trusvedkjenningsane kan t.d. nytte den nikenske trusvedkjening. Formuleringsane i Nikenum tek opp att tråden frå innleiingsorda: "I namnet åt Skaparen, Frigjeraren og Livgivaren!" Vi vil likevel oppmode om å nytte trusvedkjeninga som vi har foreslått, mellom anna. for å få med heilskapen i liturgien.

Salme 97 34, NoS 721

Tekstlesing Matt 15,21-28: "Så for Jesus derifrå..."

Vert lesen av liturg eller ein annan som har lyst til å lese evangelieteksten. Evangelieteksten skal lesast utan introduksjon. Begynn rett på: "Så for Jesus derifrå..." Mange kyrkjer har Kyrkjeåret sine tekstar liggjande på lesepulten. Teksten står under første rekke på 2. søndag i faste. Skriftstaden bør skrivast inn i agendaen sidan det ikkje vert sagt høgt under gudstenesta.

Tekstrefleksjon

Vi har kalla denne delen tekstrefleksjon og ikkje preike. Det har vi gjort for å legge lista lågare slik at kyrkjelydsmedlemmar såvel som presten kan dele sine tankar ikring teksten. Tekstrefleksjonen bør ikkje vare lenger enn 12 minutt.

Musikkmeditasjon

Musikken skal få oss til å puste ut, senke skuldrene og la tankane få kvile i kyrkjerommet. Er det vanskeleg å finne musikkarar som kan improvisere kan musikkmeditasjonen bestå av ein folketone, ei salme eller eit anna musikkstykke. Det er og lov å nytte CD-spelar. Det bør vere instrumentalt fordi vi medvite har forsøka å minske mengda med ord i liturgien. Med musikken ønskjer vi å gje plass til opplevinga av å vere saman - lyttande. Lyttande - ikkje berre utover, men óg innover i oss sjølve.

Bøn

Bøna er tredelt etter truvedkjenninga sitt skjema. Det er valfritt om ein ønskjer stillheit eller musikk etter kvart ledd. Ønskjer kyrkjelyden å utvide bønene, legge til eller trekke frå bøneemne som er viktig for dykk, så gjer det.

L: Skapar; av alle ting, levande og døde.

Du som skaper ut av ingenting.

**Hjelp oss til å verte heile menneske
som ser kvarandre og makter å ivareta kvarandre
utan å gjere forskjell utifrå sosial status,
helsetilstand, kjønn, etnisitet eller seksuell legning.**

**Du som spring ut av all godheit,
lær oss å kjenne den godheita
slik at vi kan omfamne kvarandre
med godheit og sjølv bidra til at godheit gror.**

**A: Treeinige Gud, Skapar, Frigjerar og Livgivar –
høyр vår bøn
slik som du høyrdé den kanaaneiske kvinna si bøn.**

Eller: Stillheit/musikk.

L: Alt liv sin Frigjerar,
Frigjer menneske frå destruktive kjensler
og handlingar som gir opphav til å binde,
skade og undertrykkje medmenneske.
Hjelp oss menneske til å bidra til kvarandre sin fridom.
La menneske sjå at saman med Deg
med felles anstrengelse og felles målsetting,
kan fridom verte bevara og skapa.

A: Treeinige Gud, Skapar, Frigjerar og Livgivar –
høyr vår bøn
slik som du høyrde den kanaaneiske kvinna si bøn.

Eller: Stillheit/musikk.

L: Livgivar som verkar i alle menneske,
gje oss medvit om at alt liv har same livskjelde.
Gi oss å forstå det naudsynte i
å ivareta alle uttrykk for denne livskjelda.
Gi liv til vilje til forsoning, forståing og solidaritet.
Sørg for at alle menneske har mat, heim,
klede og fridom til å leve utan fattigdom, undertrykking og naud.
Gi håp, fridom og fred til alle menneske
som ikkje maktar å sjå livet si kjelde
på grunn av all liding og ondskap som fyller tilværet deira.

A: Treeinige Gud, Skapar, Frigjerar og Livgivar –
høyr vår bøn
slik som du høyrde den kanaaneiske kvinna si bøn.

Eller: Stillheit/musikk.

Salme NoS 710

Symbolhandling

L: De er ljoset i verda.

Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje døljast.

**Ingen kveikjer eit ljos og set det under eit kar,
men i staken.**

Då lyser det for alle i huset.

Kom fram og tend lyset

som du har fått utdelt.

Du skal ikkje leve skjult,

men synleg.

Første del av dette liturgiske leddet er sitat frå Matt 5,14-15. Den andre delen har vi laga.

Dette er den einaste staden der vi har formulert liturgiske ledd sjølv (forutan bønene). Alle andre ledd er henta frå Kyrkjerådet sitt 8. mars-hefte og liturgisk materiale publisert av Kirkenes Verdensråd i Geneve.

Ved inngangen før gudstenesta tok til fekk alle utdelt eit te lys kvar. No skal alle gå fram til det store lyset som står sentralt plassert framme i kyrkja og tenne telyset sitt og sette det på steinhellene eller plankane ein stad. I agendaen bør det stå under denne delen at ein tek med seg agendaen fram til lystenning. Etter lystenninga vert alle ståande i ein halvsirkel ikring lyset. Medan alle står ikring symbolet fortset gudstenesta med neste del.

Invitasjon til Nattverdmåltid

L: Vi trur at alle menneske er born av Gud,

og har difor verdi og krav på respekt.

Alle er velkomne til å dele dette nattverdmåltidet

utan å tenke på menneskelege inndelingar.

Vi høyrer saman

**slik vi er bundne saman i Kristus
som i den natt han vart overgitt til pine og kors,
tok eit brød, takka, braut det, ga venene sine og sa:
"Ta dette og et det. Dette er min lekam
som er gitt for dykk.
Gjer dette til minne om meg."**

**Likeins tok han kalken etter måltidet,
takka, gav dei og sa:
"Drikk alle av han. Denne kalk er den nye pakt i mitt blod
som utøses for dykk til syndenes forlatelse.
Gjer dette så ofte de drikk det,
til minne om meg."**

A: **Fader vår, du som er i himmelen.**
La namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din ráda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi óg forlét våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freistung,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.

L: **Kristi fred være med dykk alltid.**

A: **Kristi fred være med deg óg.**

L: **Kom, for alt er gjort ferdig!**

*No kan alle gå fram som ønskjer å ta i mot brødet og vinen. Korleis de delar ut nattverden vel
de sjølve. Når alle har sett seg syng ein siste salme.*

Utdelingsord

Kristi lekam, gitt for deg.

Kristi lekam, utøst for deg.

Takkebøn for nattverden.

L: **Den som er i Kristus, er ei ny skapning.**
Det gamle er borte, se, det nye er blitt til.
Den krosfeste og oppstadne Jesus Kristus
har nå gitt oss si heilage lekam og blod
som han ga til soning for alle våre syndar.
Han styrkje og halde oss oppe
i ein sann tro til det evige liv.
Fred være med dykk!

Salme No S 281

Velsigning

L: **Velsigninga frå Gud, vår Skapar,**
Jesus Kristus, vår Frigjerar og
Den Heilage Ande, vår Livgivar
vere med dykk alle!

A: **Amen, amen, amen.**

Musikk/postludium

Kirkemøtets strategiplan for kvinnespørsmål og likestilling i Den norske krike 2000-2008

- I Fremme kvinners deltagelse på alle plan i kirken.
- II Synliggjøre og styrke kvinners arbeid med teologi, gudstjeneste- og trosliv.
- III Vektlegge kvinners kompetanse i kirkens arbeid for fred, rettferdighet og vern om skaperverket.
- IV Intensivere kirkens innsats mot vold og overgrep.
- V Arbeide for et likeverdig og likestilt fellesskap.